



MEDLEMSBREV NR. 2 – 2016

Kjære medlem, www.olavslettoselskapet.no er alltid oppdatert, men sidan ikkje alle medlemmer i Olav Sletto-selskapet har tilgang til nettsida, deler styret aktivitetane i selskapet også på gamlemåten, her i andre halvår 2016.

Aktivitetar andre halvår 2016

Holsdagen 30.7.2016 - marknad

Olav Sletto-selskapet var med på Holsdagsmarknaden 2016, informerte om selskapet og selde bøker, CD og hefter. Vi var også med på marknaden i 2015. Ein fin samanheng å vise seg fram på, dette.

Foredrag hausten 2016

Eva Almhjell har helde foredrag om Anne J. Sletto og andre tema frå Olav Slettos liv og dikting i Hol og på Ål, i alt tre godt besøkte arrangement.

OLAV SLETTODAGEN 2016 -

ei vellukka nyskaping

Det er i år 130 år sidan Olav Sletto vart fødd, og Olav Sletto-selskapet lanserte nyskapinga OLAV SLETTODAGEN 2016, eit halvdagsseminar med presentasjon av ny forsking om og nylesing av Olav Slettos dikting. Markeringa fann stad på Dr. Holms hotell, laurdag 15. oktober 2016. **Helge Hognestad**, uortodoks prest, sosiolog og forfattar, modig og ærleg, snakka om Olav Sletto sett i lys av vår tids nye åndelegheit. Han skildra dei lange historisk linene innan åndelegheita frå å vera tufta på det feminine til det maskuline prinsipp, endringar som har gått frå tillit, omtanke og omsorg for livet til kontroll og konkurranse om å vera best. Han fann teikn på at det feminine prinsipp er på veg attende i vår tids åndelegheit, og at Olav Sletto skreiv ut frå eit feminint prinsipp. Sletto var slik sett framma si tid kva gjeld røynsler og innsikt i åndelegheit både på individ- og samfunnsnivå. Hognestad meinte Slettos tid no er kommen.

Eva-Charlotte Mørk er ei ung stemme med mastergrad på Olav Slettos LOKE-bøker. Ho har lese Loke-bøkene som fantasy-litteratur, og tok dei ca. 30 deltakarane med inn i Loke si verd, ei forrykande ferd mot det Sletto kalla Allfader. Ei kronglete reise for den som let seg styre av makt-hunger! **Eva Almhjell** har lese Olver-bøkene og ga smakebitar på unge Olvers studietur til Kristiania (Oslo) og København i 1908-1909, og kvinner han møtte på ferda. Sletto vil ha oss til å tru at han, den unge, vakre fjellbonden, berre var tidtrøyte for rike urbane kvinner, men skal ein tru det...? Eva Almhjell tvilar. Ein artikkel om temaet er med i Olav Sletto-selskapets Årshefte 2017. Hol kommune støtta tiltaket med kr. 9000 og SpareBankstiftelsen med kr. 5000, noko vi er svært takksame for.



Helge Hognestad (i raud genser på hitsida av bordet) i ivrig samtale med deltakarar på Olav Sletto-dagen 2016.

Foto: M. L'orange



Eva-Charlotte Mørk talar om Loke-bøkene som fantasy-litteratur. Foto: M. L'orange.

Positive attendemeldingar og økonomisk støtte gir styret mot til å arrangere ein ny OLAV SLETTODAGEN 2017.

Pilskilt til minnetavla i Sletto

vart etterlyst av grunneigar under avdukinga sundag 19. juni. Pilskilt til Olav Slettos fødestad og minnetavle vart sett opp i august 2016.

Aktiv bruk av Sletto-rommet

Olav Sletto-selskapet og Hol kommune ynskjer saman å aktivere Sletto-rommet, som ligg på loftet i Holet bibliotek, rett overfor Hallingskarvet skole. Låsbare skåp, der vi kan ha ting vi er redde for, kjem på plass før jul. Vi vil lage Sletto-rommet til ein arbeidsplass for lesing og forsking, eit rom for Den kulturelle skolesekken, ein stad å bli kjent med Olav Sletto.

Digitalisering av dokument frå Sletto-arkivet

Styret i Olav Sletto-selskapet er endeleg i gang med å digitalisere foredrag, korrespondanse og andre dokument frå Olav Sletto-arkivet. Forskarar ventar på tilgang til dokumenta, og Hol kommune stilte opp med teknisk utstyr, så kvaliteten på det digitaliserte stoffet skulle bli best mogleg. Likevel fekk vi problem, men arbeider vidare for å løyse dei. Dei digitaliserte dokumenta blir trygt lagra i Hol kommunens digitale arkivsystem. Aktivering av Sletto-rommet og digitaliseringarbeidet er i samsvar med avtala mellom Hol kommune og Olav Sletto-selskapet.

Dølaminne 2016

Eva Almhjells artikkel "...for kvinnesaks-kvinnene var det berre tidtrøyte, kan De veta!...", om unge Olvers møter med kvinner i Olver-bøkene, er med i Dølaminne 2016 - i kortform.

Bokmesse 2016 på Ål

Styret selde CD, bøker og hefter, og Eva Almhjell held eit miniforedrag om artikkelen i Dølaminne 2016.



Styret i Olav Sletto-selskapet var der med stand. Her Odd Oleivsgard og Grethe L. Rudningen. Arne Horge var programleiar frå trappa. Foto: Eva Almhjell.

Boksal

Det er seld omlag 50 bøker (Anne-bok, Per Gjetar, jubileumshefte, Per Sjøl-CD mm) siste halvåret.

Gaver

Olav Sletto-selskapet har fått fire av dei fem bøkene om "Soga um Røgnaldfolket" i gave frå Voss gymnas, der dei har rydda i biblioteket sitt. Eva-Cecilie Sletto har gitt fire puter som mor hennar, Eva Sletto, og mormor, Karin Sletto, har vove. Gavene ligg i Olav Sletto-rommet i Holet bibliotek.

Medlemskontingenenten 2016 - 200 kr.

Med få unntak har alle medlemmer betalt 2016-kontingenenten. Kontingenenten er grunnfjellet i selskapet. Tusen takk for den støtta!

Medlemsinformasjon og nyhende blir publisert etter kvart på www.olavslettoeselskapet.no

Ei ven førjulstid og gode juledagar etter solsnu

Styret i Olav Sletto-selskapet takkar kvar einskild av dykk for trufast medlemskap og deltaking på ulike arrangement gjennom heile året. Vi ynskjer alle ei ven førjulstid, og gode juledagar etter etterlengta solsnu!

Vel møtt i 2017!



Bilde av styret som har sitje ved roret i OSS 2015-2017. F.v. Odd Oleivsgard, Maria Søndrål, Margarethe L'orange, Ola Ruud (kasserar – ikkje med i styret) og Grethe Larsgard Rudningen. Eva Almhjell (leiar), var med bak kamera.

Tønsberg, 1. desember 2016/EA.